

Partnarskap mot mobbing

Regjeringa har saman med mange organisasjonar lansert **Partnarskap mot mobbing**.

Det viktigaste i dette arbeidet er:

- Arbeid heilskapleg, langsiktig og systematisk med læringsmiljøet
- Ver trygge vaksne som har kompetanse, mot og vilje til å arbeida førebyggjande, avdekka og motverka krenkande handlingar
- Følg opp at tiltaka verkar.

Hovudutval for skule og barnehage ber skulane og barnehagane om å laga eit partnarskap mot mobbing det komande barnehage- og skuleåret.

I kommunen vil Hovudutval, kommunalt foreldreutval og fagorganisasjonane engasjera seg.

På skulane ber me Rektor, tillitsvald, FAU og elevråd engasjera seg og oppretta eit partnarskap og utfordrar samarbeidsutval/driftsstyre til å vedta partnarskapet.

Barnehagane må finna ei høvelig organisering.



Målsetting:

I barnehage- og skuleåret 2016/17 skal ingen barn eller elevar oppleve å bli mobba i Klepp kommune.